

Saksframlegg

Saksbehandlar: Eva Solhaug Fosshagen, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 14/629-2

Søknad om endring av ruteplan

Framlegg til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

- 1 Dagens avgang frå Måløy kl. 07.20 til Oslo skal starte på Eid.
- 2 Avgangen frå Måløy kl. 12.35 til Oslo skal starte i Måløy måndag, fredag, laurdag og søndag.
- 3 Avgangen frå Måløy kl. 21.05 til Oslo skal starte i Måløy torsdag, fredag og søndag.
- 4 Avgangen frå Oslo kl. 09.30 til Måløy skal gå til Måløy torsdag, fredag og søndag.
- 5 Avgangen frå Oslo kl. 15.30 til Måløy skal stoppe på Eid alle dagar.
- 6 Avgangen frå Oslo kl. 22.00 til Måløy skal gå til Måløy fredag, laurdag, søndag og måndag.
- 7 Endringane i ruteplanen gjeld frå 23.06.14.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Nettbuss Nordfjord-Ottadalen AS/Nettbuss Ekspress AS søkjer i brev av 15.01.14 om å gjere endringar i ruteplanen på den kommersielle ruta Måløy - Oslo, Nordfjordekspressen.

Historikk - tidlegare vedtak

Det var samferdsledepartementet som handsama denne søknaden i si tid. I brevet av 1.11.2005 skriv dei i vilkår for løyvet pkt. b) at *Departementet delegerer til Sogn og Fjordane fylkeskommune å godkjenne ruteplan og takstar i samråd med berørte fylkeskommunar.*

Nettbuss Nordfjord-Ottadalen sitt løyve på nattruta er gyldig til 01.01.2016 og dag- og ettermiddagsavgangen gjeld til 01.06.2017.

Andre opplysningar

Nettbuss Nordfjord-Ottadalen AS har i dag ruteløyve på strekninga Måløy - Oslo tur/retur, tre avgangar i døgnet. Alle bussane byrjar og sluttar i Måløy.

Nettbuss har hatt ein gjennomgang av alle sine kommersielle ruter rundt om i landet, og ønskjer å gjere endringar nokre stadar for at rutene skal verte meir lønsamme. Etter at Nettbuss tapte

lokalrutene i Nordfjord misser dei noko sambruk av sjåførar. Dette gjer det dyrt å køyre mellom Måløy og Nordfjordeid. Nettbuss søkjer om godkjenning til å gjere følgjande endringar frå 23.06.2014:

- Dagens dagrute frå Måløy kl. 07.20 til Oslo vil starte frå Nordfjordeid alle dagar.
- Dagens ettermiddagsrute frå Måløy kl. 12.35 til Oslo vil starte frå Måløy måndagar, fredagar, laurdagar og søndagar. Dei andre dagane vil ruta starte frå Nordfjordeid.
- Dagens nattrute frå Måløy kl. 21.05 til Oslo vil starte frå Måløy torsdagar, fredagar og søndagar. Dei andre dagane vil ruta starte frå Nordfjordeid.
- Dagens rute frå Oslo kl. 09.30 til Måløy vil gå til Måløy torsdagar, fredagar og søndagar. Dei andre dagane vil ruta stogge på Nordfjordeid.
- Dagens ettermiddagsrute frå Oslo kl. 15.30 til Måløy vil stogge på Nordfjordeid alle dagar.
- Dagens nattrute frå Oslo kl. 22.00 til Måløy vil gå til Måløy fredag, laurdag, søndag og måndag morgon. Dei andre dagane vil ruta stogge på Nordfjordeid.

2. Yrkestransportforskrifta

Når ei rute er kommersiell, står løyvehavar ganske fritt til å gjere endringar så lenge løyvet er gyldig. Nettbuss Nordfjord-Ottadalen ønskjer å stoppe dei fleste rutene på Nordfjordeid, med unntak av dei beste avgangane. Som det står i yrkestransportforskrifta § 28, skal likevel ruteplanen godkjennast av løyvemyndigheita.

I yrkestransportforskrifta § 28 Ruteplan står mellom anna dette:

Ruteplan må være godkjent av løyvemyndigheten. Forslag om endring av ruteplan sendes løyvemyndigheten senest 4 måneder før endringen skal tre i kraft.

Løyvemyndigheten kan redusere tidsfristen etter første ledd og kan bestemme at endring kan settes i verk på kortere tid eller at iverksettelsen skal utsettes. Løyvemyndigheten kan vidare gi pålegg om endring av ruteplan.

Hovudutval for samferdsle har mynde til å ta avgjerd i yrkestransportforskrifta § 33, Nedleggelse av rutedrift:

Vil en løyvehaver nedlegge driften av en eller flere ruter helt eller delvis må løyvemyndigheten gis 2 måneders skriftlig varsel. Løyvehaver kan ikke innstille driften av noen ruter på kortere varsel uten at løyvemyndighetens samtykke.

Dersom en løyvehaver vil nedlegge driften av en eller flere ruter helt eller delvis, kan løyvemyndigheten når transporthensyn krever det, gi løyvehaver pålegg om å opprettholde driften av ruten ut over 2-månedersfristen mot å holdes skadesløs for eventuelle underskudd på rutedriften som ikke dekkes av overskudd av andre ruter.

3. Vurderingar og konsekvensar

Nordfjordekspressen og ekspressbåten til Bergen har korrespondansar i Måløy. Om morgonen er det korrespondanse med båten frå Selje med bussen til Oslo. Om kvelden er det korrespondanse med båten frå Bergen og nattbussen til Oslo. Søknaden frå Nettbuss legg opp til at fleire av desse korrespondansane vil forsvinne fleire dagar i veka. Nordfjordekspressen har også fungert som ei lokal rute for reisande mellom Stryn - Eid - Måløy. Avgangen frå Måløy kl. 07.25 har fungert som skulerute for elevane frå Måløy som går på Eid vidaregåande skule.

For at konsekvensane for dei reisande skal verte minst mogelege etter at Nettbuss gjer endringar i sin ruteplan, går fylkeskommunen inn med midlar for å kunne oppretthalde eit tilbod mellom Måløy og Eid tilnærma som vi har i dag. Avgangen kl. 00.35 frå Nordfjordeid til Måløy skal stoppe på Eid frå 23.06.14.

Ulempa er at det ikkje vert direktebuss mellom Måløy og Oslo på fleire av avgangane, og heller ikkje nattbuss frå Eid til Måløy.

4. Konklusjon

Kommersielle ruter utfører mykje lokalruteproduksjon i fylket. For fylkeskommunen er det viktig at også kommersielle ruter tilfører fylket verdi. Det er viktig for alle partar at rutene er kommersielt drivbare. Dette betyr at fylkeskommunen må vere varsam med pålegg som trugar eksistensgrunnlaget til ei rute.

Fylkesdirektøren tilrår at søknaden frå Nettbuss vert godkjent.